

## **31.05.2023 Referat FAU møte**

Tilstades:

Jens Sagevik (vikar for Irene Langeland), Charlotte Willemoes, Svein-Erik Helle, Ole Andreas Nistad, Jostein Jarstad, Vanja Guddal, Josef Thingnes (reserve for Edvin Hjelmeland) Maria Åsnes, Ellen M. Bye

### **1) Stor utskifting i lærarstab og særskilt ved leiinga?**

FAU ber skulen ved rektor uttale seg her. Vi er kjent med at alt av organisatoriske endringar kan informerast om, men der er meldt inn spm om dette får klasse. Nokre av FAU repr ser på dette som tilfeldig med mykje utskiftingar samtidig. Nokre i FAU har registrert uro blant foreldrene, og FAU meiner ein må få ut nødvendig informasjon så snart som mogleg for å redusere rykter og snakkis som gjev meir uro og usanne rykter.

**Skule:** På lærarsida er det naturlege utskiftingar då nokre har hatt årvikariat og nokre har søkt permisjon. Nokre går over i andre stillingar innad på Dingemoen, nokre skal prøve ny arbeidsplass.

På leiarsida har det vore nokre utskiftingar gjennom året, som har ulike årsaker og som naturlegvis er unntatt offentlegheit. På avdeling 1-4 er det tilsett ny leiar, likeins på SFO. På 5-7 er det uavklara enno. Avdelingsleiar 8-10 er ei nyoppretta stilling for skuleåret 23/24, der det er tilsett leiar. Rådgjevar ungdomssteg er tilsett, men inneverande står til 1.oktober.

### **2) Dokumentasjon vurdering/tilbakemeldingar visma**

Foreldre har etterspurt moglegheita om å lagre dokument frå utviklingssamtale på visma, ingen dokumentasjon eller signering på at det er lest per no. Det er kjent at andre skular gjere dette. FAU og foreldre veit at det er mykje rapportering og oppfølging for lærararen, men med slik dokumentasjon får foreldrene innsikt i alle fag og kan gå tilbake i historikk å følgje utviklinga til eleven.

Nokre av FAU representantane har i samtaler med sine born ofte sett eit dokument som lærar har skrive og kan ikkje det scannes inn Vismaprofilen til borna?

Er det krav til at alle lærararne har eit slikt dokument i alle samtaler på alle trinn?

Dersom ikkje det er krav, kan det vere slik?

Kan for eks kartleggingsprøvane leggast ut på Visma til eleven?

FAU ber om at skulen ved rektor svarar ut dette slik at vi kan referere tilbake til foreldrene.

**Skule:** Dette er noko av det som vi har jobba med i utviklingstida på Dingemoen skule inneverande skuleår, og som vi skal jobbe vidare med slik at alle etter kvart vil finne vurderingar og kartleggingar i Visma Flyt Skule, på alle klassesteg.

### **3) Varm mat SFO**

FAU har fått inn spørsmål om kvalitet måltid i forhold til pris-for eks ostesmørbrød ein dag når det eigentleg skulle vere laks og pasta. Pølse og brød som ofte går igjen på bursdagar og andre sosiale arrangement. Var det ikkje meiningsa at ungane skulle vere med å lage mat også?

Ein FAU representant har fått vite maten på ettermiddagen forsvinn, kun varmt måltid torsdag skal behaldast frå hausten av.

FAU ynskjer at skulen ved rektor seier noko om kapasitet og kvalitet på maten? Kva er planen frå hausten av?

Som eit tilleggsspørsmål under SFO tema kom det opp følgande spm/inngespel:

- Det er noko mangefull informasjon om SFO og betaling, satsane for antal timer ligg ute på heimesida til Dingemoen, men det er noko uklart korleis ein reknar dei gratistimane for 1. og 2. trinn.
  - Kunne det vere ein tanke å sjå på om borna skal gå kortare dagar og ha ingen fridagar i veka? Kvalitet på tida på SFO sett mot kostnad?
- Spm om SFO- organisering særskilt iforhold til sommar SFO. Det er sendt inn spørsmål via FAU leiar til rektor/oppvekstsjef tidlegare, svaret er delt i FAU gruppa og kan delast på klassenivå. Men det er fleire foreldre som har meldt inn til klassekontaktane på barneskulen, at det skapar mykje utfordringar og kva kan ein forvente framover.

#### Svar til FAU. Varmmat SFO/SFO-betaling

##### ◆ Måltid i SFO

##### I rammeplan for SFO kapittel 3.5:

*«SFO skal legge til rette for daglige måltider som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapsfølelse og gode helsevaner. Barna skal få tilstrekkelig tid og ro til å spise i løpet av tiden de tilbringer i SFO. Måltidet kan være medbrakt matpakke eller mat servert av SFO. Når mat blir servert i SFO, bør SFO legge vekt på et helsefremmende kosthold og bygge på Helsedirektoratets kostråd, samt legge vekt på bærekraftige matvaner og forbruk. SFO bør følge nasjonale føringer for måltider.»*

*Måltidet er en daglig og hverdagsnær arena som handler om mer enn maten som spises. SFO bør legge til rette for måltidsglede med gode samtaler, deltagelse og opplevelse av fellesskap hos barna. Personalet bør delta aktivt i måltidet. SFO skal ha gode rutiner for hygiene og avfallshåndtering og bør formidle disse til barna.*

*Å lage mat sammen i SFO kan gi barna erfaring med hvordan de selv kan lage enkle og sunne måltider, og hvordan de sammen med andre kan skape trivelige rammer rundt måltidet.»*

1. “Kvalitet på måltid i forhold til pris-for eks ostesmørbrød ein dag når det eigentleg skulle vere laks og pasta.”

Den aktuelle dagen hadde vi fleire av personalet sjuke og vi måtte endre måltid. Laks og pasta vart servert neste torsdag. Slike situasjonar kan vi ikkje kome unna. Dette er kvardagen vår og vi gjer det beste vi kan ut frå situasjonen vi står i.

Kvalitet-pris, måltida vi har dei ulike dagane varierer i pris. Prisen på middag t.d i dag, torsdag 01.06.2023 , kosta meir enn ”budsjettet”. Vi hadde steikt panert fisk m/ ris og grønsaker. Då lyt vi neste torsdag ta ei variant som under ”budsjett”.

Prisen som er sett på måltida er bestemt på kommunenivå. Lik pris på alle skular.

Ja, vi har hatt pølse m;brød to eller tre ganger dette skuleåret. Eitt av dei måltida var på ein måndag. Vi ville overraske barna med pølselfest.

Vi vil understreke at det alltid er med barn å førebu måltida på SFO. Dette er frivillig og det går på rullering. Det er òg med barn som førebur "smøremåltid" mandag/tysdag/onsdag og fredag.

Her er nokre av rettane vi har servert dette skuleåret: Laks m/pasta og grønsaker, grønsaksuppe, taco m/kjøtdeig og tilbehør, taco m/fisk og salat, fiskeburgar m/salat, omelett, steikt fisk m/ris og grønsaker, pizza, rømmegrøt/risgrøt m/spekepølse, pølse og potetstappe, hamburgar m;brød og tilbehør, tomatsuppe m/makaroni, egg, pølse, ost og heimelaga rundstykke, heimelaga rundstykke m/utval av pålegg (påskelunsj), pannekaker, fiskegrateng. Enkelte av rettane er servert to ganger som t.d. laks, fiskeburgar, grønsaksuppe, taco m/kjøtdeig og taco m/fisk.

Til "smøremåltid" er det brød og knekkebrød med variert pålegg – kvitost, brunost, ulike smøreostar, fårepølse, skinke, småpølse, salami, kyllingfilet, leverpostei, majones, kaviar, kyllingpostei, smør, prim, agurk, paprika, tomat, egg og syltetøy. Ein dag har vi yoghurt m/havregryn. Fredagar et vi oftast restar etter torsdag/ostesmørbrød .

Barna får mjølk/vatn til alle måltid. Til fest har vi saft. Barna får òg frukt til alle måltid – til dømes eple, appelsin, melon, pære og drue.

## 2. Til hausten, maten på ettermiddag forsvinn. Kun varmmat torsdag skal behaldast.

Som de ser i vedtekten for SFO er det ikkje lovpålagt å ha "smøremåltid" på SFO. Ei heller varmmat. Måltidet blir ikkje teke vekk, det blir eit nistemåltid etter skuletid. Vi ynskjer å starte opp SFO-året med nistemåltid etter skuletid. Dette for å sjå barnegruppa an og å sjå kva kapasitet SFO har. Det har vi òg gjort tidlegare år. Mogleg at "smøremåltid" kan innførast etter kvart.

- ◆ Mangefull informasjon om SFO og betaling.

Leiar SFO blei kontakta av føresett om dette på fredag 26.mai 2023. Dette er teke opp med kommunalsjef oppvekst. Ny informasjon blir lagt på heimesida til Fjaler kommune.

- ◆ Kunne det vere ein tanke å sjå på om borna ska gå kortare dagar og ha ingen fridag i veka? Kvalitet på tida i SFO sett mot kostnad.

Vi kunne tenkje oss at de utdjudar kva de meiner med dette spørsmålet. Om det er å ha skule torsdagar for dei som i dag har fri, 1. og 2. klasse, er ikkje det noko skulen kan bestemme. Det må opp politisk.

- ◆ Spm om SFO-organisering særskilt i forhold til sommar SFO

Vi kan berre vise til tidlegare utsendt infoskriv om dette. Det er beklageleg og vi veit at det fører til utfordringar for føresette.

Leiar i SFO har eit ynskje om at FAU oppmodar føresette om å ta kontakt med skule og SFO dersom det er noko - misnøye eller andre spørsmål. Vi er opne for dialog og vi kan løyse det meste.

Mbh Jorunn Myklebust, leiar SFO, Dingemoen skule

4) Barnebursdag og antal inviterte

- drøfting i 5. klasse, innlegg ut til klassen- eigentleg sagt alle eller evt. a/b klasse, eller berre gutar eller berre jenter. Nokre meinte at Dingemoen hadde hatt ein uskrevan regel om at frå 10 år kan ein velje å ikkje invitere alle/fleirparten.

FAU kan ikkje sei noko om kva reglar ein skal ha, her må kvar klasse for seg vurdere korleis dei vil gjere det, og så må foreldregruppa internt avtale. Det kan vere spørsmål om kapasitet, økonomi og liknande.

Husk at bursdagsselskap er ein viktig for integrering av flyktningar også. Her må ein gjerne ha meir dialog med kontaktlærar, flyktningkoordinator, sikre at foreldre som ikkje er på facebook får invitasjon og informasjon på anna måte.

Eks på ungdomsskulen at jentene i ein klasse fortsatt invitere alle jentene, kan vere alle ikkje kjem men då er alle invitert.

5) Avslutningsfest for 7. klasse

Skulen foreslår at ein kan ned skalere litt, ikkje full middag, litt enklare avslutningsfest, men gjerne kake og kaffi osv. Ein får og stor avslutningsfest i 10. klasse.

FAU meiner at det er noko seint å kome med slike spørsmål så nær sjølve festen. Ein har mykje som skjer i skuleregj no foran våren. Klassane er så ulike i størrelse framover så det kan bli utfordring å arrangere for eks små 6. klasser til stor 7. klasse.

Tilbakemeldinga frå årets 6. klasse foreldregruppe er at ein ynskjer å nedskalere. Mykje dugnad før sommaren med denne festen, sykkelturen til 6. klasse og marknaden. Ein er og kjent med at det ofte er nokre få foreldre som alltid tek belastninga.

I fjor var 6. klasse elevane og lærarar og foreldre med å pynte

Tilbakemelding frå 7. klasse- ynskjer fest, viktig med avslutning for barnesteg.

Vart sagt ved samanslåing av barne og ungdomsskulen i nytt bygg at ein likevel skulle markere overgangen til ungdomstrinna.

Forslag frå 7. klasse om å ha korgfest, 6. klasse kan rydde og ha kjøkkenvakt.

FAU er einig om at vi må lande ein tradisjon som vi kan no videreføre til i åra framover. Treng ikkje å ha mat/suppe, kan pynte lokale, alle må pynte seg, kan ha kake og kaffi. Det er og ønskeleg at skulen kan halde utstyr som dukar, lysestakar osv. Skulen må gjerne vere med å pynte å gjere klar med elevane i 6. kl.

For årets avslutningsfest 7. klasse:

6. klasse lager kaffi og kake og pynter og lager til fin avslutningsfest  
vurdere framtidig organisering og arr.

For 2024- 7. klasse ordne mat, 6. klasse rydde og ta kjøkkenvakt.

Skule: Skulen held seg til det FAU vert einige om, men avsluttar med rose-seremoni (i år vart det is pga varmen) siste skuledag.

6) Oppgåver marknad 12. juni

Skulen ordna rydding, FAU/klassekontaktar organiserer elles mat og drikke oppgåver med dei ulike klassane slik oppsette vart laga til.

Innspel til neste år er at ein byter noko på oppgåvene til 6. klasse med for eks 4. klasse, sidan 6. klasse får fleire dugnadsoppgåver i mai/juni. Dette kan gå inn i revidering av årshjulet for neste skuleår.

Skule: Skulen held seg til det FAU vert einige om.

7) Årshjul

23/24

Då mange av representantane ikkje kunne vere med på dei siste sakene, blir det sendt ut litt redigert årshjul der ein tek med dei innspela ein har hatt i møtene iløpet av året. Ellen sender dette ut til gruppa for innspel og vi lander desse skriftleg og sender til skulen.

8) Høyringutkast plan for førebyggande arbeid for barn og unge 2023-2027  
planen er bra, bekymra for kapasitet- men håper at ein god plan kan få fram kor ein må få inn meir ressursar.  
Ellers innspel kan ein sende til leiar for FAU, så sender han vidare samla frå oss.

**FRIST FOR INNSPEL: 09.06.23!**